

ÅRBOK FOR KARMSUND

HAUGESUND MUSEUM

ÅRSHEFTE 1951 — 1955

MUSEUMS- OG HISTORIELAGET FOR HAUGESUND OG BYGDENE
OG
SAMARBEIDSNEMNDA FOR BYGDE- OG BYBØKER I KARMSUND
1956

FORORD

Årbok for Karmsund er eit framhald på eit utvida grunnlag av dei årshäfte som med års mellomrom er utgjevne av Museums- og historielaget for Haugesund og bygdene, det fjerde i rekkja. Sidan siste årshäfte kom ut i 1950, er det kome til ein ny lokalhistorisk samskipnad, *Samarbeidsnemnda for bygde- og bybøker i Karmsund*, som har nær tilknyting til museums- og historielaget og er i røynda sprungen ut frå det.

Då dette skriftet skulle planleggjast, fall det av seg sjølv at det kom i stand eit samarbeid om det mellom museums- og historielaget og den nye samskipnaden for historienemndene i Karmsund, og det var naturleg å gi skriftet eit namn som uttrykkjer dette samarbeidet. I namnet ligg ein lovnad eller eit ynskje om å koma att, og med det nye arbeidsgrunnlaget som nå er skapt, skulle det ikkje vera umogeleg å gjera *Årbok for Karmsund* til eit årvisst forum for det lokalhistoriske og kulturhistoriske arbeidet her i distriktet. Når det gjeld stofftilfang, viste det seg i minsto alt ved dette skriftet at her er rike kjelder å ausa av, og her er mange både kunnige og interesserte lokalhistorikarar i Karmsund.

Skriftstyret rettar ei varm takk til dei som har skrive i årboka og til dei forretningsfolk, bankar og andre som ved sine lysingar har gjort det mogeleg å få henne prenta, og det vonar at dette tiltaket vil bli møtt med så stor samhug og interesse mellom folk i bygd og by at det gir mot til å koma snart att.

Drengen rodde over til Norheimsberget, og om kvelden kom han og Ole Nesheim tilbake. Drengen tok kona til Simon, Sara Hansdotter, i handa på at han var fri for noko ansvar med overføringa av hesten på ein sundag.

Lars Norheim vitna at han hadde sett at ein hest vart førd over sundet før preika, og det var Hans Håland som førde hesten over, hadde han høyrte. Han kunne og vitna at 3. påskedag hadde Ole Nesheim sett ein hest inn i løa til Lars. Denne hesten hadde Nils Sæbø henta same dagen etter preika. — Thomas Nordbø kunne til dette leggja til at 3. påskedag kom Nils Sæbø etter kyrkjetid heim til han og bad han koma ut. Då Thomas kom utom døra, stod Nils på veggen med ein hest som var drivande våt etter symjinga over sundet.

Aktor i saka, foged Dahl, kunngjorde etter rettsmøtet at både Hans Håland og Nils Sæbø hadde gjort seg skuldig i helligdagsbrot etter sabbatsforordningen av 12. mars 1735. Dei vart idømde 2 lodd sylv eller 1 riksdalar kvar i bot forutan sakskostnaden som kom opp i 2½ rd. tilsaman.

Ved Birger Kjetland.

INNSAMLING AV TRADISJON I BYGDENE

Me gir her att ei spyrjelista som er utarbeidd av Samarbeidsnemnda for bygde- og bybøker i Karmsund til bruk for bygdeboknemndene ved innsamling av tradisjon i bygdene.

Det er å vona at det kring i kvar bygd og grend der lista nå rekk fram gjennom årboka, finst interesserte folk som vil ta lista for seg og skriva ned svar på dei spursmåla dei er i stand til å svara på. Lista er alt for stor og omfatande for kvar einskild, men ho skulle setjast opp slik at same lista kunne nyttast i heile Karmsund frå ytste fiskarbygdene til inste fjordbygdene, og då kunne ho ikkje bli mindre.

Lat formannen eller eit av medlemene i bygdeboknemnda få svara eller send dei til Samarbeidsnemnda, adresse museet i Hauge-sund. Skulle nokon ha bruk for lause spyrjelister, kan dei få det ved å venda seg til Samarbeidsnemnda.

Opplysningar om garden gnr.....

i herad.

Gjeld bruket bnr.....

Skriv svara med dei same nummer som i denne lista! Bruk blekk og linjert papir!

1. Nemn grensene til garden irekna utemark. (Dette spursmålet svarar berre bnr. 1 eller 2 på).
2. Finst det på garden namn som Ner i garen («Nigar»), Sør i garen («Sygar»), Opp i stovå, Sør i stovå («Sysstå»), Nor i stovå («Nosstå») e. l.? Kor ligg eller låg dei?
3. Veit ein kva tid bruket er rudt? Er det utskilt frå eit eldre bruk?
4. Dersom bruket har vore bygslejord (husmannsplass) kven var då den første sjølveigaren? Har ein gamle heimelsdokument? (Bør samlast inn). Kjøpesummar?
5. Har bruket det same tunet som frå først av? Kva veit ein om eldre tun? Har det tidlegare vore fleire brukarar i same tunet? Nemn namn på alle brukarane på ei viss tid så langt tilbake som ein veit om, og kor mange hus kvart bruk hadde i tunet den tid, og kva slags hus det var. Kva tid var der utflutting?
6. Har der høyrte husmannsplassar til bruket? Nemn dei. Kor låg dei? Kva tid var dei rudde og kven rudde dei? Nemn namn på husmenn ein veit om. Korleis var leigevilkåra? Pliktarbeid. Bygslegrunnar, strandsitjarar og rudningar, slåttar. Skriv ned alt ein veit om dette. Spør etter gamle bygslesetlar (festesetlar) og få dei med. Kva tid var det slutt på husmannsplassane? Vart dei selde til sjølveigarbruk, innlema i garden eller lagt til beite?
7. Finst der andre nedlagde bruk eller plassar på eller ved bruket? Er der namn på slike så nemn dei. Veit ein kven som budde der?
8. Er bruket utvida ved nydyrking utanom bøsgarden? Kva tid og av kven? Er der merke etter eldre bøsgardar på heimebøen? Kan ein få fastlagt kor den eldste bøsgarden gjekk?
9. Finst der «marknamn» som kan ha historisk interesse? Til dømes namn på hustuffer, haugar, fjell, vatn, kjelder, åkrar («aun»), jorder, stykke av innemark eller utemark, skog, slåtteteigar? Kva var «markateigen», «spannsteigen», «halvfjordingen», «dalstykke», «tolvskjelingsstykke»? Kva tydde desse namna? Er ordet «tonngaren» kjent? Kva var det? Skriv ordet slik dei uttalar det.
10. Vegar til og over eigedomen før og nå. (Gange-ride-køyre-vegar).
11. Har bruket vore eller er det i teigblanding med andre bruk? Kva bruk? Kva heitte teigane? Nemn om mogeleg kor dei låg. Har det vore utskifting av heimebøen? Kva tid?

Utemark, beiter, skog, torvmyr m. v.

12. Har bruket sams utemark med andre bruk og om så er kva bruk? Dersom det har vore utskifting av utemarka, kva tid var den? Er utemarka delt med skiftegjerdar eller steingardar? Var der skiftegardar mellom ymse grender e. l. før utskiftinga?
13. Er eller har der vore serskilt mark eller innhengning for dei ymse slag husdyr, slik som serskilt smalamark, hestamark, kumark, geitamark, grisagjerde, kalvagjerde? Er eller var dei sams for fleire bruk eller for fleire gardar?
14. Er eller var der støl? Kor låg den? Var namnet støl brukt? Var ordet seter brukt («setrå» e. l.)? Skriv ordet slik dei uttala det. Er eller har der vore sommarshus (sommarsfjøs) på stølen? Kva kallar ein det? Korleis var det bygt? Var der nokon fast regel for korleis det skulde liggja i tilhøve til bøsgarden? Kor lenge har det vore i bruk?
15. Er namnet «tre» nytta om heimebeite? Korleis var det og korleis låg det i tilhøve til bøsgarden og stølen? Teikna eit riss med støl, sommarshus og tre. Dersom ordet «tre» ikkje var brukt, hadde dei då eit anna namn, buhage e. l.?
16. Kva veit ein om gjeting av kretturå? Kvifor gjette dei? Er «lega», «gjetlehus» kjent? Kva var det? Gjetarløn.
17. Er der eller har der vore skog til bruket? Kva slags skog? Var den sameige for fleire bruk? Har dei hatt eller har dei innkoma av skogen? Er der segner om at gamle hus på garden er bygde av tømmer frå eigen skog? Skogplanting? Når og av kven?
18. Torvmyr? Var det sereige eller sameige for garden? Kor låg ho? Kor mykje torv var det vanleg å spa kvart år? Nemn lass, famn eller annan vanleg nemning. Korleis tok dei torvet opp? Maskintorv? Korleis turka dei? Hadde dei torvskjul i myra? Kvifor? Selde dei torv? Pris? Kva tid slutta dei spa torv? Anna brensel Rot, lyng o l.
19. Er utemark, beite, skog eller torvmyr fråselt eller kjøpt til bruket? Kva bruk er det i såfall selt til eller kjøpt frå?
20. Hadde eller har bruket slåtteteigar utanfor heimebøen?

Om avling og drift.

21. Vanleg avling på bruket no. Poteter, korn, grønnsaker, rotfrukter m. v. Kva dyrkast i eldre tid? (Nemn om moglege også kor mykje av kvart slag).
22. Hagebruk: Frukttre? Berbuskar? Har dei dyrka lin, hamp eller humle i gamal tid? Finst der namn som kan tyda på det, slik som linåkeren, humlebakken o.l. Finst namnet «kålgaren» nokon stad?
23. Kva tid tok dei til å bruka kunstgjødsel?
24. Kva tid tok dei til å kjøpa grasfrø? Kor gamle kan sume åkrar ha vore?

25. Nytt dei hjelpefôr? Lyng? Tang og tare? Lauv og skav? Eller var dette vanleg tidlegare? Sild og fisk som dyrefôr.
26. Har bruket hatt bekkjakvedn? Kor var hu? Kor lenge bruka dei kvedn? Var det fleire om henne? Kva veit ein om gamle vatsstemmar?
27. Vadmålsstampa? Kven dreiv den?
28. Vass-sag? Har der vore oppgongssag? Kva tid kom sirkelsag i bruk?
29. Korleis får dei vatn på bruket no? Vassledning? Kva tid? Korleis var det i eldre tid?
30. Har der vore tresking med vasskraft? Hestevandring? Kva tid slutta dei treskja med tust? Var der nokon i bygda som laga treskjemaskinar eller andre maskinar?
31. Kva tid gjekk dei over til å treskja med maskin og dryfta med dryftemaskin? Heimelaga dryftemaskinar?
32. Har bruket — eller har det hatt — vassrettar? Andre serlege herleggheter som sandtak, helleberg, klebersteinsbrot, tarestrand, sjøsandtak, makkasøyla e. l.?

Grend og grannar.

33. Kva gardar rekna dei til same grenda?
34. Kva var be-laget ved gravferder og brudlaup?
35. Har grannelaget hatt sams arbeidsoppgåver som vegvedlikehald, halda istand gjerde o. l.? Kva gardar var saman om dette? Gjeld dette nå?
36. Kva tid heldt dei dugnad («dogne»)? Til kva slags arbeid? Var det fast grannelag dei ba til dogne og?
NB. Det er viktig å få med alt det folk kan fortelja om grend og grannelag, segner og anna ein har høyrte etter eldre folk. Ta med og noter alt sovore sjølv om det går utanom dei spørsmåla som er sette opp!

Hus og folk og gamle ting.

37. Kor mange hus er der på bruket no og kva slags hus? Ta med naust, kvednar o. l. Kva veit folk om hus på bruket tidlegare? Er der tradisjon om gamle hus som nå er borte? Stabbur, smidja, badstova, malt-turkehus?
38. Er der gamalt innbu, reidskapar, klær, åklær, rugger, gamalt sylv, tinn? — ting som høver som illustrasjonar i bygdeboka? Kva veit dei om gamalt sylvty o. l. som er forsvunne?
39. Veit ein korleis innbuet var plasert i det gamle stovehuset? Langbord, forsete, kroskåp, seng o.s.b. Lag eit riss av dette.
40. Finst det gamle dokument, *skinnbrev*, Amerikabrev? Bruket sitt bumerke? Teikna det av eller lån dokumentet der det står.
41. Kva var bruket sitt øyremerke for sau (geit)? Teikna av!

42. Er der på bruket fortidsleivningar som gravhaugar, røyser, hus-
tufter, bautasteinar? Stort gamalt tuntre? Kven planta det?
43. Finst det gamle segner knytt til eigedomen så skriv ned!
44. Namnet på den nåverande eigaren. Kva tid overtok han? Og
på kva måte? Odel? Kva pris? Er der folga, korleis er den?
Har den nåverande eigaren bygt nytt eller vølt husa. Dyrka
nytt? Kor mange mål er dyrka? Føder han fleire krettur enn
den fyrre eigaren? Kor mange? *Fortel alt dette og om dei
ymse brukarane så langt attende som dei veit.*
45. Har nokon i ætta eller av dei tidlegare eigarane merkt seg ser-
leg ut, (sjømann, fiskar, los, handelsmann, dugande handverkar,
klokkemakar, eller vore med i styr og stell) så ta det med.
Utvandrar? Kvar hen reiste dei: Holland, England, Amerika,
Afrika? Har nokon kome seg serleg fram og vorte kjende utan-
om bygda her i landet eller i utlandet?
46. Spør etter bilete, dagbøker og avisutklypp.
47. Få med ei ættetavle for brukaren.

Om fiske, sjøfart og andre attåttnæringar til gardsbruket.

48. Er (var) jordbruket einaste næringen, fødde det sine folk?
Gjorde det ikkje det så grei ut om andre innkomer.
49. Grei ut om tilhøvet mellom jordbruket og fisket.
50. Låg serlege fiskerettar til bruket? Laksasete, kastevågar,
landslot? Hadde bruket nokon einerett på kastevågar? Kor
stor landslot kunne det verta?
51. Var det sameiga av notbruk og båtbruk? Fylgde det til vanleg
gardsbruket? Var der regel for kven som skulle vera bas (hø-
vedsmann)? Korleis skifte dei loten? Kor mykje på bruk og
kor mykje på lotfolk? Brukte dei papir, eller rekna dei ut i
hovudet?
52. Kva slags fiske dreiv dei? (Vårsild-makrell-hummar-lakse-
Nordlands-fiske o.s.b.)
53. Dersom dei er slutta driva fiske, kva tid skjedde det? Kvifor?
54. Opplysningar om serleg gode fiskeår, store sildesteng, og om
uår då sild og fisk var burte. Kva økonomiske fylgjer fekk det?
55. Driv nokon på bruket sildesalting o. l.? Skipsfart? Fraktefart?

Serlege minne frå folkelivet i gamal tid.

56. Kyrkjevegar og kyrkjereiser.
57. Skikkar ved dødsfall (stell av lik o. l.) og gravferder. Om bru-
ken av ljosestakar, salmevers m. v., skyting ved gravferda.
58. Skikkar i samband med høgtidene. Når tok ein t. d. til å bruka
joletre på garden?
59. Minne frå omgangsskulen og dei første skulehusa.
60. Folkeflyttingar til og frå garden.